

Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen (NOKUT)

Postboks 578

1327 LYSAKER

Deres ref.:
16/00264

Vår ref.:
18/01546-2

Dato:
23.02.18

Høyringsfråsegn frå FLKI/HVL: Høring om nasjonal deleksamen i matematikk for grunnskolelærerutdanningen 1–7 og 5–10

Høyringsfråsegn om nasjonal deleksamen frå faggruppa i matematikk ved HVL

I innleiinga til høyringsnotatet står det at «Kunnskapsdepartementet har vedtatt at nasjonal deleksamen i matematikk for grunnskolelærerutdanningen 1–7 og 5–10 skal arrangeres på nytt fra studieåret 2019–2020.» Sjølv om det ikkje er høring rundt spørsmålet om nasjonalgitt eksamen eller ikkje i grunnskulelærerutdanningane 1–7 og 5–10 ønskjer me å uttrykke at faggruppa i matematikk ved HVL ikkje ønskjer ein nasjonal deleksamen. I si oppsummering, *Nasjonal deleksamen – et pilotprosjekt og en mulighetsstudie* (mars 2017) peikar NOKUT på fleire negative sider ved å innføra nasjonalgitte eksamenar. Eit av desse argumenta gjeld avgrensing av fagleg fridom og nytenking, eit argument som vi er samde i:

Det at departementet på sikt ønsker å begrense bruken av rammeplaner fordi det begrenser faglig frihet, men samtidig ønsker å innføre nasjonale deksamener, som av mange høyringsinstanser oppfattes som en ytterligere innskrenkning av den faglige friheten, kan synes som en motsetning. (s. 18)

Når det gjeld høyringsspora, har vi følgjande kommentarar:

Høyringsspora 1: Antall studiepoeng

Nasjonal deksamnen bør tillegges et visst antall studiepoeng, og den vil da telle en tilsvarende brøkdel av karakteren i det aktuelle grunnkurset (30 studiepoeng for 1–7 og 60 studiepoeng for 5–10). Hvilket antall studiepoeng bør nasjonal deksamnen tillegges? Hvis det skal gis separate eksamener for 1–7 og 5–10, angi eventuelt ønsket antall studiepoeng for hver av disse.

Me ynskjer ikkje at nasjonal deksamnen skal gi uttelling i form av studiepoeng. I så fall må emneplanane skrivast om og endrast. Nasjonal deksamnen kan likevel telja på vitnemålet slik at godkjent eksamen er eit vilkår for å få vitnemål. Om ein likevel vel at den nasjonale deksamnen skal gi studiepoeng, bør det ha et visst omfang og ein kan då tenke eit omfang på 7,5 studiepoeng.

Høringsspørsmål 2: Faglig innhold

Ved piloteringen av nasjonal deleksamen i studieårene 2015–16 og 2016–17 var det faglige innholdet basert på temaene prosent, brøk og desimaltall, se vedlagte delemneplan. Ønsker institusjonen at dette innholdet skal ligge fast, eller bør det faglige innholdet («delemneplanen») skiftes ut med visse mellomrom? Hvis endring med visse mellomrom ønskes, bør innholdet skiftes før første ordinære gjennomføring i studieåret 2019–20? Eller skal man i første periode med ordinær gjennomføring benytte samme delemneplan som i piloten?

Retningslinjene for Matematikk 1 der temaet *prosent, brøk og desimaltall* er omtalt, vil støtte opp under at emnet ikkje blir bytta ut. I presentasjon av Matematikk 1 1.-7. finn me formuleringa «Det arbeides med utvidelsen av tallmengdene, særlig vil aspekter ved brøk og desimaltall behandles grundig.» Læringsutbytte under kunnskap er for 1.-7. trinn blant anna «har inngående undervisningskunnskap i matematikken elevene arbeider med på barnetrinnet, særlig tallforståelse og regning, geometri og måling, overgangen fra aritmetikk til algebra, med et spesielt fokus på begynneropplæringen»

I presentasjon av Matematikk 1 5.-10. finner vi formuleringa «Dette innebærer arbeid med utviklingen av tallbegrepet fra heltall til rasjonale og reelle tall, og tilhørende utvikling av algoritmer for tallregning. Ulike aspekter ved brøk, og sammenheng mellom brøk, desimaltall og prosent og koblingen til proporsjonalitet behandles grundig» og eit læringsutbytte under kunnskap har denne formuleringa: «har inngående undervisningskunnskap i matematikken elevene arbeider med på trinn 5-10, særlig tallforståelse og regning, geometri og måling, overgangen fra aritmetikk til algebra, algebra og funksjoner».

Me ser ikkje at det er avgjerande viktig ut frå faglege synspunkt å byte emne for den nasjonalgitt eksamenen. Dersom ein skal byte innhaldet i eksamen, vil det føra til mange administrative utfordringar. Studentar på ulike kull vil da ha ulik eksamen og vi vil måtte arrangere ulike eksamenar for dei som ikkje kjem gjennom ved første forsøk. Det vil i tillegg vera svært ressurskrevjande å byte emne jamleg, noko me har sett ved utarbeiding av oppgåvesetta i pilotprosjektet. I tillegg meiner me at dette kan gjera at me er på god veg mot nasjonalt gitt eksamen i heile Matematikk 1, noko me meiner står i sterk motsetnad til det å ha fagleg fridom.

Høringsspørsmål 3: Separate eksamener for GLU 1–7 og 5–10, eller felles eksamen?

Ved piloteringen av nasjonal deleksamen ble det benyttet en felles eksamen for GLU 1–7 og 5–10. Ønsker institusjonen fortsatt felles eksamen, eller skal det lages separate eksamener, og eventuelt separate underliggende delemneplaner, for GLU 1–7 og 5–10?

Emnet for nasjonal deleksamen i dag, *Brøk, desimaltal og prosent*, er eit emne som er sentralt for undervisning på mellomsteget, klassesteg 5.-7. Me meiner difor det er rett med ein felles eksamen for 1.-7. og 5.-10. Nasjonal deleksamen testar eit tilfredsstillande minstemål for kva ein student må kunna for å undervisa emnet, og det bør vera det same for begge studentgruppene. Dette vil og vera mindre ressurskrevjande enn om vi skal ha ulike eksamenar for desse to utdanningane.

På dei ulike institusjonane vil ein organisera 1.-7. og 5.-10. utdanninga noko forskjellig, men det bør ikkje vere til hinder for ein nasjonalgitt eksamen.

Høringsspørsmål 4: Tidspunkt i studiet

Skal studentene ved alle institusjoner avlegge nasjonal deleksamen på samme tidspunkt i studiet, altså etter første studieår, andre studieår eller tredje studieår? Skal institusjonene selv velge når det passer for deres studenter å avlegge nasjonal deleksamen? Hvis felles tidspunkt ønskes, kom gjerne

med forslag. Vi viser for øvrig til det vi har skrevet ovenfor om tidspunkt i studieløpet. Dersom det er ønskelig med felles tidspunkt for eksamen, vil det være en fordel med en viss samkjøring av undervisningsperiode.

Institusjonane bør sjølv velje når det passar for studentane å ta nasjonal deleksamen. Denne bør koma på eit tidspunkt der det er relevant for faginnhaldet i studiet, altså på slutten av semesteret der emnet vert undervist. Studentane ved GLU 5-10 ved HVL har Matematikk 1 på ulike tidspunkt i studieløpet sitt avhengig av om dette er Fag 1 eller Fag 2. Det er difor ikkje mogleg med felles tidspunkt dersom studentane skal ha denne eksamenen det semesteret dei har dette faginnhaldet.

Høringsspørsmål 5: Organisering sammen med lokal eksamen på samme dag?

Det vil kanskje være mulig å samkjøre nasjonal deleksamen og lokal eksamen, slik at studentene arbeider med en lokal eksamenskomponent etter at den nasjonale delen er innlevert. Total eksamenstid for begge eksamenene vil da kunne være for eksempel 6 timer. Er en slik løsning ønskelig? Dette er en løsning som noen institusjoner har valgt å følge for den nasjonale deleksamen for sykepleierstudentene.

Vi ynskjer ikkje å samkøyra nasjonal deleksamen og lokal eksamen til ein og same dag. I samband med arbeidet vi gjer med å styrkja studentaktive læringsformer, ønskjer vi og å variera og utvikle eksamensformene. Vi ønskjer difor ikkje at den nasjonalgitte eksamenen skal binde vurderinga i resten av emnet til å vera ei skriftleg skuleeksamen.

Høringsspørsmål 6: Digital eksamen

Har din institusjon et system for digital eksamen? Hvis ja, hvilken leverandør har institusjonen avtale med?

Ved HVL nyttar ein Wiseflow i somme av regionane.

Med hilsen

Asle Holthe

Dekan

Håvard Ulstein

Rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen håndskreven signatur.

Kopi til: Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett v/Asle Holthe, HiB Seksjon for utdanning v/Kristin Ravnanger, HSH Utdanningscenter v/Espen Fosse, HiSF Seksjon for utdanning v/Arnstein Menes